

NVE saksnr. 201106573.

Den 12.05.15 har NVE vore på synfaring på Vassbakken vedr. konsesjonssøknad om kraftutbygging av Åselvi. Kommunen har Skjolden som satningsområde i forbindelse med reiseliv, og Nasjonale Turistvegar er og i bildet. De siste to åra har kommunen og Statens vegvesen gjennom si satsing investert over 1 million kroner i infrastruktur knyttet til tilgjengeliggjøring og styrket opplevelse av den dramatiske naturen her innerst i Luster. Fokus har vært stier og turer med tilhørende parkeringer både i Skjolden, ved Vassbakken og i Fortun (nye trapper og gangveg som start på turen til Fuglesteg), med vekt på å styrke det lokale reiselivet.

Heile Riksveg 55 frå Gaupne til Lom er ein av dei Nasjonale Turistvegane, og at Åselvi, som ligg så nær vegen og er så godt synleg og er eit landemerke, kan verta utbygd er heilt uforståeleg. Det er bygd stoppeplass/parkeringsplass for lettare tilgjengelighet for bussar og andre for å sjå fossen. Sherpaer frå Nepal har bygd ein flott tursti opp til Åselvi. Skjolden er og blitt cruisedestinasjon og fossar er attraksjon for cruisegjester. At man vil auke vassmengden i fossen når det er cruisegjester i bygda er tenkt her. Men cruisegjester er nytt i bygda og kommunen, og det er ikkje dei som er hovedtyngden av turismen i Luster. For oss er Åselvi ein av grunnpilarane for næringa vår, som attraksjon og identitetsbærer. I tillegg vil ein anleggsperiode verta forstyrrande for vår drift. Hovedtyngda av våre gjester er der for å nyte naturen og freden og forholdsvis uberørt natur. Det vakre fossefallet blir alltid kommentert av våre gjester hvor fantastisk det er og fører til at mange vil bu lengre og bruke Vassbakken som base for å utforske Luster med bl.a. Sognefjellet, Breheimen, Sørsida med Urnes stavkirke, Jostedalen med Nigardsbreen, Molden osv. Luster er av

mange sett på som det vakraste Norge har å by på av natur, og grønne og frodige dalar med kvite fossefall er ein stor del av inntrykka. Å byte ut fossebrus med turbinstry er for oss heilt absurd. Fossen har siden oppstart av vår camping vore midtpunktet i vår logo. Fossen var og hovedårsak til at våre foreldre grunnla Vassbakken Camping i 1969 då mange turistar gjerne ville slå opp telt under fossefalla. Dei utvida raskt med hytter då etterspurnaden auka på. Etter kvart vart det bygd kro med tradisjonell matservering. I 2009 gjorde me siste store investering med å bygge vandreheim. Den investeringa gjorde me då turisme med fokus på natur er aukande både for nordmenn og utlendingar. Rundt oss har me Joutunheimen, Breheimen og Jostedalen Nasjonalparkar, i tillegg til Mørkridsdalen Landskapsvernområde. Ein utbygging av Åselvi må vel være i strid med ellers freding av natur.

NVE holdt folkemøte på Skjolden vedrørende konsesjonssøknader i Luster, men den kvelden var det og møte om utbygging av fiberkabler på same tidspunkt, så oppmøtet av lokale folk var heller lite.

Mvh.

Kristin Hauge

Vassbakken Kro og Camping AS

